

Informasjon til foreldre om Foreldreundersøkinga i skolen

Kva er formålet med Foreldreundersøkinga i skolen?

Foreldreundersøkinga i skolen gir deg som forelder høve til å seie kva du meiner om læring og trivsel på skolen og om skole-heim-samarbeidet. Resultata frå undersøkinga blir lagra og brukte av skolen, skoleeigaren og dei statlege utdanningsmyndighetene for å analysere og utvikle skole- og læringsmiljøet.

Resultat frå undersøkinga kan også bli brukt til forsking, statistikk og lagring i arkiv.

Utdanningsdirektoratet kan publisere statistikk frå undersøkinga på www.udir.no.

Korleis blir undersøkinga gjennomført?

Det er frivillig å svare på undersøkinga. Du kan også hoppe over spørsmål du ikkje ønsker å svare på.

Behandlingsansvar og personvern

Utdanningsdirektoratet er ansvarleg for at dine kontaktopplysningar og dine svar blir behandla i tråd med personvernregelverket. Vår databehandler Conexus driftar det tekniske i undersøkinga for Utdanningsdirektoratet, og dei må følgje same regelverk.

Når du svarer, skriv du ikkje namn og det er heller ikkje knytt personnummer til svara dine. Det er derfor vanskeleg å finne ut kven som har svart kva i undersøkinga. I nokre få tilfelle (eksempelvis ved små skolar), kan det likevel vere ein risiko for at nokre kan kjenne att kven som har svart kva. Derfor har Utdanningsdirektoratet svært strenge reglar for å vise resultat frå undersøkinga til skolen, skoleeigaren og dei statlege utdanningsmyndighetene. Resultat frå undersøkinga skal ikkje publiseraast på ein måte som gjer det mogleg å kjenne att svara dine. Svara blir oppbevarte så lenge det er nødvendig.

I dei tilfella Utdanningsdirektoratet leverer ut svara til forsking, må forskarane følgje direktoratet sine reglar for behandling av personopplysningar og teieplikt, og dei må skrive under på ei teieplikterklæring.

Rettsleg grunnlag for behandling av personopplysningar

Når du svarer på Foreldreundersøkinga i skolen, samtykker du til deltaking i undersøking og til at svara dine kan brukast til analyse og utvikling av skole- og læringsmiljøet. Det rettslege grunnlaget for dette er personvernforordninga art. 6 nr. 1 bokstav a og art. 9 nr. 2 bokstav a.

Du kan trekke samtykket ditt fram til gjennomføringsperioden for undersøkinga er over. Å trekke tilbake samtykket påverkar ikkje lovligheita av allereie utførte behandlingar. Når gjennomføringsperioden er over, blir koplinga mellom påloggingskoden/-lenka di og det du har svart broten. Dette inneber at du ikkje kan trekke samtykket ditt, krevje innsyn i, retting i eller sletting av svara, fordi svara dine ikkje lenger kan knytast direkte til deg.

Rettsleg grunnlag for forsking, statistikk og lagring i arkiv er personvernforordninga art. 6 nr. 1 bokstav e og art. 9 nr. 2 bokstav j. Personopplysningsloven §§ 8 og 9 er det supplerande nasjonale rettsgrunnlaget.

Har du spørsmål?

For meir informasjon kan du ta kontakt med skolen eller Utdanningsdirektoratet.

Kontaktinformasjon til Utdanningsdirektoratet:

Telefon: +47 23 30 12 00

E-post: post@udir.no

Du finn også mykje informasjon på www.udir.no/undersokelser. Spørsmål om personvern kan rettast til Utdanningsdirektoratet si personvernombod på: personvernombud@udir.no.

Datatilsynet er klageinstans for behandlinga av personopplysningar i Foreldreundersøkinga i skolen. Du finn meir informasjon på: <https://www.datatilsynet.no/om-datatilsynet/kontakt-oss/klage-til-datatilsynet/>